

## Haustetidsvurderingar veke 38

Denne veka vart det teke prøvar av Summerred, Raud Gravenstein, Raud Aroma og Eden.

**Summerred er no hausteklar i både tidlege og seine felt, og det hastar med å få plukka nokon av felt. Gravenstein er også hausteklar no. Raud Aroma er hausteklare i Lærdal. I andre tidlege felt er det klart for første utorplukking til helga.**

Det kan av og til sjå ut som me setter i gang hagar som ikkje er innafor optimalområdet. Det skuldast at det ligg inne ei forseinking i desse tilrådingane. Frå me seier at eit felt er klart, og til det faktisk verte hausta, kan det gå 3-7 dagar, nokon gongar meir. I løpet av desse dagane vil det skje ei utvikling i frukta og det må bereknast inn, slik at frukta som kjem inn på lageret ligg innafor optimalområde.

Me vil også komme med ei ekstra påminning om variasjon i modningstid mellom felt og igjen oppfordre om å ta eigne haustetidsprøver. Det er særst viktig å kunne vurdere modningsgrad i eigen hage. Ein prøve er ikkje nødvendigvis representativ for andre felt i same område. Det kan vere betydelege skilnadar i lokalklima, men også ulik praksis i hagane. Til dømes kan ulike program for vatning, gjødsling og bruk av Cerone framskande eller forseinke mogninga og ha innverknad på dei ulike indikatorverdiane.

Neste måndag tar me prøver av Raud Aroma, Eden, Rubinstep og Fryd.

## Summerred

### Optimalverdiane ved hausting:

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>3</sup>

Sukker: 10,5 %

Stive: 5-7

Streif-indeks: 0,09-0,11

<b>Dyrkar</b>	Cecilie Nornes
<b>Sted</b>	Nornes
<b>Dato</b>	19.09.22
<b>Vekt (g)</b>	130
<b>Grunnfarge</b>	C2
<b>Fastleik, snitt</b>	7,6
<b>Fastleik, maks.</b>	10,2
<b>Fastleik, min.</b>	6,9
<b>Ref</b>	10,4
<b>Stive</b>	8,2
<b>Streif</b>	0,089

Prøven denne veka er tatt frå eit middels seint felt. Her har stivenedbrytinga kome veldig langt, og feltet bør haustast raskt. Desse epla bør også raskt ut i marknaden, for det er lite lagringsevne igjen.

Summerred reknast som klar for utorhausting på seine plassar denne veka. Så lenge epla har høg nok fastleik og stive igjen bør dei henge til dei får grunnfarge C3. Men med det er viktig å hauste Summerred før fastleiken går under 7,0 kg/cm<sup>3</sup>.



Jod-test på Summerred. Prøve nr. 9 vart utelukka pga. stort avvik frå resten.

## Raud Gravenstein

### Optimalverdiane ved hausting:

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>3</sup>

Sukker: 10,8 %

Stive: 5-7

Streif-indeks: 0,08-0,16

Dyrkar	Lars Eskestrand		
Sted	Slinde		
Avlingsnivå	1		
Dato	05.09.22	12.09.22	19.09.22
Vekt (g)	129	140	158
Grunnfarge	C1	C1-C2	C2-C3
Fastleik, snitt	8,7	7,8	7,4
Fastleik, maks.	14,5	9,1	9,6
Fastleik, min.	7,1	6,9	6,5
Ref	9,8	10,0	10,8
Stive	2,3	3,8	4,0
Streif	0,386	0,206	0,171

Utviklinga i Raud Gravenstein variera ganske mykje frå eple til eple. Det kan skyldast at avlinga i feltet er ujamn, sjølv om prøven er tatt frå tre med god avling. Gravenstein kan starthaustast midt i denne veka på tidlege plassar, og i helga på seinare plassar. Det er lite Gravenstein i år, og modninga kan nok variera innan felt, slik som her. Om ein ønskjer å hausta alt på ein gong i denne sorten, kan ein venta nokre dagar ekstra.



## Raud Aroma

### Optimalverdiene ved hausting:

Grunnfarge: C3

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 6-8 kg/cm<sup>3</sup>

Sukker: 11,2 %

Stive: 4-6

Streif-indeks: 0,09-0,2

Dyrkar	Per Hauge		Solveig og Nils I. Nygard	Lars Eskestrand	Johannes Hunderi
<b>Sted</b>	Leikanger		Suppam, Leikanger	Slinde	Hunderi, Lærdal
<b>Klon</b>	Fagravoll		Ylvisåker	Ylvisåker	Ylvisåker
<b>Avlingsnivå</b>	1-2		2	3	3
<b>Dato</b>	12.09.22	19.09.22	19.09.22	19.09.22	19.09.22
<b>Vekt (g)</b>	173	173	188	133	146
<b>Grunnfarge</b>	C2	C2	C2-C3	C3	C1-C2
<b>Fastleik, snitt</b>	7,0	7,1	7,2	7,3	6,6
<b>Fastleik, maks.</b>	8,0	9,9	8,7	8,9	7,7
<b>Fastleik, min.</b>	6,2	5,8	6,0	6,2	5,6
<b>Ref</b>	9,8	11,0	10,3	10,9	11,2
<b>Stive</b>	1,4	2,1	2,0	2,5	5,4
<b>Streif</b>	0,509	0,307	0,348	0,266	0,109

Prøven teken denne veka er frå ein litt seinare plass enn Ljøsne. Resultata visar at modninga i Lærdal ligg eit godt stykkje før tidlege felt på Leikanger i år. Den er same tendensen som vi så i Discovery.

Feltet i Lærdal vurderast til hausteklart, grunna at fastleik og stivenedbryting er innafør optimalområde. Det er viktig for lagringsevna til Aroma at den har riktig fastleik ved hausting, ikkje berre at stiveinnhaldet er høgt nok.

Dei andre tidlege felte må henga i nokre dagar til, men grunnfargen er på plass, og fastleiken innafør optimalområdet. Me vurderer at tidlege felt klare for første utorhausting til helga.



N. I. Nygård



J. Hunderi



P. Hauge



L. Eskestrand




P. Hauge

N. I. Nygård

J. Hunderi

L. Eskestrand





## Eden

Det er framleis ikkje fastsett optimalverdiar for hausting.

Dyrkar	Terje Fosshagen		
Sted	Leikanger		
Avlingsnivå	3		
Dato	29.08.22	05.09.22	19.09.22
Vekt (g)	127	140	169
Grunnfarge			C3
Fastleik, snitt	12,7	12,2	11,0
Fastleik, maks.	14,5	14,7	13,3
Fastleik, min.	11,3	10,6	9,7
Ref	9,2	10,1	10,4
Stive	1,0	1,3	4,0
Streif	1,387	0,969	0,265

Eden har no fått mykje raud dekkfarge, grunnfargen er meir gul enn grøn, fastleiken har vorte redusert sidan sist veke og nedbryting av stive har kome i gang. Desse epla kan nærme seg hausteklare mot helga, men nye prøver vil verte tekne neste måndag. Eden er eit fast eple, men fastleiken er framleis høg og kan med fordel verte litt lågare samstundes som sukkernivået får auke noko meir før epla haustast. Sortseigar har tilråda å ikkje hauste for tidleg. Epla heng godt på og det er liten risiko for at dei dett ned.

